

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.:

08/02612-49

12.06.2025

Ark.:

326.12

Vedtak i namnesak 2024/302 - Øverli/Øvrelid(d) i Hareid kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Hareid kommune:

- **Øvrelid** gard 73
- **Øvrelid** bruk 73/1, 73/2, 73/3 og 73/4
- **Øvrelid** grunnkrins

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av grunneigar Geir Øvrelid i melding datert 20.11.2024. Han skriv at *Øverli*, som står på kartet i dag, er feil, og at den rette skrivemåten er *Øvrelid*. Det er nytta varierande skrivemåtar i ulike kart og i matrikkelen. Namnesaka vart reist for å fastsetje rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggje for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast særleg vekt på ønsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ønsker, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverke skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

Uttale og skrifttradisjon

I SSR er gardsnamnet registrert med tre godkjente former: *Øvreli*, *Øverli* og *Lid Øvre*. Norske Gaardnavne fører opp uttalen *ø`verli*. Bustadnamnregisteret har *övreli* frå 1962. Fylkesatlas fører opp uttalen *li*. Den usamansette forma finn ein også i skrift.

- Eldre skrivemåtar etter Norske Gaardnavne er *Lydh*, *Ewrelydh* ca. 1520, *Liid* ca. 1530, *Ouffuerlijd* 1603, *Liidt* 1617, *Øffrelie* 1666, *Øfre Lied* 1723.
- Matrikkelen har *Lid øvre* for garden og bruka i 1838 og 1886. Skrivemåten er *Øvrelid* for bnr. 1 og *Lid øvre* for bnr. 2-4 i 1950 og i dag.
- Offentlege kart: *Li öv.* amtskart 1884-1952, *Lid Øvre* økonomisk kart 1965. Noreg 1:50 000 har *Øverli* i 1972, *Øvreli* i 1992 og *Øverli* i 2009
- Bygdebok for Ulstein og Hareid 4 s. 367 nyttar *Øvrelid*, og skriv at uttalen er *Øvrelid* eller *Lid*.

Høyringssvar

Kartverket sendte saka til kunngjering i Hareid kommune i brev datert 10.12.2024 i tråd med § 8 i lova. I brev datert 10.04.2025 har kommunen sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet. Det kom inn seks høyringssvar i saka. Alle støttar forma *Øvrelid* og syner til tradisjonen som denne skrivemåten har. Det kjem også fram at den lokale uttalen er med *-d*. Om dette skriv Geir Øvrelid: «Eg sjølv og dei eg har snakka med, uttalar fortsatt "d"-en i *Øvrelid*. Det gjeld både for staden og som etternamn.»

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet gav tilråding om skrivemåten i brev datert 28.04.2025, og konkluderer slik: «Me finn det samla sett mest tilrådeleg at det aktuelle gards- og bruksnamnet blir skrive **Øvrelid** i offentlig samanheng».

Se også den vedlagde tilrådinga.

Kartverket si vurdering

Saka gjeld fyrst og fremst skrivemåten av sisteleddet *-li* eller *-lid*. Fyrsteleddet er også registrert med ulike skrivemåtar, *Øver-* og *Øvre-* i SSR, men her er det ikkje tvil om at ein bør bruke *Øvre*, som er i tråd med både lokal uttale, gjeldande rettskriving, det meste av skrifttradisjonen og dei lokale ønska. I tillegg har vi vurdert om namnet skal ha samansett eller usamansett form.

Mange av dei eldre skrivemåtane tyder på at *Lid* opphavleg har vore éin stor namnegard, etter kvart *Øvre* og *Nedre Lid*. Gard nummer 76 heiter i dag *Nedrelid* og er registrert med denne samansette forma i SSR. Begge gardsnamna har hatt både usamansett og samansett form på kart og i matrikkelen, og gnr. 73 er også ført opp som berre *Lid* fleire stader. Ein må difor vurdere kva form som skal brukast i offentlig samanheng. Om dette spørsmålet skriv Språkrådet: «I Fylkesatlas er gnr. 76 ført opp med oppslagsforma *Nedrelid* og med uttaleforma /ne:`rli/. Samstundes er det då altså slik at namnet på gnr. 73 i same namnesamlinga er ført opp med den usamansette oppslagsforma *Lid*. Me meiner at det likevel at ikkje vil vera rett å la det sistnemnde namnet bli skrive med usamansett form i offentlig samanheng i dag. Det er ein viss tradisjon for å la begge dei to gardsnamna bli skrivne med samansett form, og dette er ein tradisjon som bør førast vidare.» Kartverket vurderer det også slik at det er naturleg at dei to gardsnamna fylgjer same mønster, og at begge får samansett form. Det er også i tråd med uttalen og med dei lokale innspela som kom inn i høyringsrunden.

Når det gjeld spørsmålet om *-li* eller *-lid*, viser vi til dei utfyllande reglane punkt 3.8: «Bevaring av trekk frå eldre språksteg. Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan skrivast i samhøve med uttalen (*lid* for *li*, *strond* for *strand*).» Det er altså etymologisk forsvar for skrivemåten med *d*, noko Språkrådet også stiller seg bak. Når lokale uttale er med *d*, og skrivemåten *-lid* er ønskt av alle som har uttalt seg i saka, meiner vi at det er godt grunnlag for å vedta skrivemåten *Øvrelid*.

Kartverket vedtek skrivemåten **Øvrelid** for gard nummer 73, bruk nummer 73/1–4 og grunnkrinsen med same namn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Kommunen bes også om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen senda melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetje ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som følgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Helle Janss Haugli
sakshandsamar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi: SPRÅKRÅDET
Vedlegg: Tilråding frå Språkrådet